

STYRETS FORSLAG TIL VEDTAK:

SAK 4 Havvind - Skal vi ofre matproduksjon for å løyse energikrisen i Europa?

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonen til Rolf Korneliussen, frå Havforskningsinstituttet, og Andreas Skulstad, frå Vista Analyse AS, til orientering.

Dei siste par åra har det vore stort engasjement for utbygging av vindturbinar til havs. Årsmøtet er ikkje prinsipielt i mot slik utbygging, men meiner at vindturbinar ikkje må byggast på fiskefelt, i vandreområde, eller gyteområde. «Føre var-prinsippet» må gjelda her òg, og det må gjerast grundige konsekvensutgreiingar før utbygging. Årsmøtet stiller òg spørsmål ved om vindturbinar til havs eigentleg er nokon miljøforbetring, og stiller òg spørsmål ved om dei store subsidiane kan gje større miljøforbetringar om subsidiane blei brukt på ein annan måte. Årsmøtet merkar seg òg at Skulstad meiner at det er mest lønsamt å venta med utbygging av vindturbinar til havs.

Årsmøtet meiner òg at Havforskningsinstituttet si bekymring for moglege negative konsekvenser for livet i havet, av vindturbinar til havs, må takast på største alvor.

Årsmøtet meiner òg at miljøvennleg matproduksjon må gå føre energiproduksjon.